



AGDER LAGMANNSRETT

ORSKURD

Sagd: 18.09.2012 i Agder lagmannsrett,

Saksnr.: 12-147123SAK-ALAG

Domarar:

Lagdomar
Lagdommer
Lagdommer

Asbjørn Nes Hansen
Anders Bahr
Karl-Einar Knudsen

Ankende part

Mediahuset
Fædrelandsvennen

Ankemothpart

Agder politidistrikt

Saka gjeld anke frå Mediehuset Fædrelandsvennen v/redaktøren over avgjerd om å forby offentleg attgjeving av orskurden i ei fengslings sak.

Kristiansand tingrett hadde 7. september 2012 føre som sak 12-142392ENE-KISA/04 eit kravsmål om samtykke til varetektsfengsling av ein person som er sikta for forsettleg drap, jf. straffelova § 233 fyrste ledd. Retten tok etter krav frå påtalemakta avgjerd om at rettsmøtet skulle gå for stengde dører, jf. domstollova § 125 fyrste ledd bokstav c. Det blei vist til faren for bevisøydelegging i saka. Ut frå det same omsynet sette retten forbod mot attgjeving av fengslingsorskurden "i sin helhet", med di det blei vist til domstollova § 129 fyrste ledd og andre ledd bokstav b, og domstollova § 130 fyrste ledd bokstav b.

Fædrelandsvennen har 10. september 2012 anka til Agder lagmannsrett "den del av avgjørelsen i Kristiansand tingrett som er knyttet til at rettens kjennelse ikke er offentlig". Det blir i anken vist til at påtalemakta argumenterte overfor retten, og fekk tilslutning til, at faren for bevisøydelegging var til hinder for offentleg innsyn i fengslingsavgjerda. Det blei argumentert med at alle vitne ikkje var avhøyrde, og at det kunne vanskeleggjere etterforskinga om det kom fram detaljar i rettsmøtet som vitna kunne bli kjende med. Ankeparten meiner det er underleg at påtalemakta skal få gjennomslag for ein argumentasjon om viktige vitne to døgn etter at etterforsking av hendinga er sett i gang. Det blir vist til at det i saka her ligg føre ei tilståing, og at etterforskinga av sjølve hendinga synest svært avklara.

Påtalemakta har i tilsvar halde fram at trass i vedgåing av dei faktiske tilhøva, er det monalege etterforskingsssteg som ikkje er utførde. Det vil vere heilt avgjerande at viktige opplysningar som kjem fram i retten og som eventuelt blir attgjevne i fengslingsavgjerda, blir haldne unna offentleg innsyn i initialfasen. Det er ikkje unaturleg i ei drapssak at det står att viktige avhøyr to døgn etter handlinga, og heller ikkje at ein kan sjå bort frå oppfylgingsavhøyr. Det same gjeld avklaring av motivet for den strafflagde handlinga ved viktige etterforskingsssteg, som sjølv sagt òg har mykje å seie for subsumsjonsspørsmålet. Det vil vere svært uheldig og øydeleggjande for vidare etterforsking dersom viktige opplysningar i rettsmøtet og orskurden blir kjende gjennom media.

Fædrelandsvennen har i eit nytt innlegg gjort gjeldande at påtalemakta ikkje har konkretisert dei tilhøva i saka som gjorde det aktuelt med stengde dører og nekting av offentleg innsyn.

Forsvararen har i telefonsamtale med lagmannsretten opplyst at han ikkje har merknader.

Lagmannsretten skal fyrst nemne at det einaste spørsmålet som anken reiser, er om det bør setjast forbod mot offentleg attgjeving av fengslingsavgjerda. Etter domstollova § 130 fyrste ledd bokstav b kan eit slikt forbod setjast når "etterforskningshensyn" krev det. Det må i tilfelle gjevast konkrete grunnar for at forbodet vil ha uynskte verknader for

etterforskinga i ei sak. Ei sak kan godt liggje slik til at det av omsyn til etterforskinga er grunnlag for å halde rettsmøtet for stengde dører etter domstollova § 125, men ikkje for forbod mot offentleg attgjeving av sjølve avgjerda; det siste vil avhenge av kva opplysningar som avgjerda inneheld.

Lagmannsretten kan i denne saka ikkje sjå at det vil vere til skade eller fare for etterforskinga om fengslingsorskurden blir gjord offentleg tilgjengeleg. Orskurden inneheld ingen konkrete opplysningar om dei nærare omstenda i tilknytning til drapshandlinga, eller kva den sikta eller vitne har forklara om det. Den sikta er fengsla på grunn av faren for bevisøydelegging, jf. straffeprosesslova § 171 fyrste ledd nr. 2, og er av omsyn til etterforskinga med heimel i straffeprosesslova § 186 underlagd restriksjonar på sambandet med utanverda. Spørsmålet er om omsynet til å hindre at vitne av eige tiltak eventuelt tilpassar forklaringane sine, kan heimle eit forbod mot offentleg attgjeving av fengslingsavgjerda. Men lagmannsretten kan som nemnt ikkje sjå at det er konkrete opplysningar i avgjerda som kan gje grunnlag for slik tilpassing.

Avgjerda om å forby offentleg attgjeving av fengslingsorskurden blir etter dette oppheva. Det er nærliggjande at avgjerda berre kan gjevast att offentleg i anonymisert form, jf. domstollova § 130 fyrste ledd bokstav a. Tingretten må ta stilling til det spørsmålet.

Orskurden er samrøystes.

SLUTNING

Avgjerda til tingretten om å forby offentlig attgjeving av fengslingsorskurden blir oppheva.

Asbjørn Nes Hansen

Anders Bahr

Karl-Einar Knudsen